

Austrheim kommune

Sætre marka 2

5943 Austrheim

Leirvåg 04.01.2016

Klage på løyve om utslepp frå minireinseanlegg på gbnr. 128/27.

Viser til brev av 14.12.2015, ref. nr. 14/326 – 15/8437, sak nr. 163/15.

Som tidlegare nemnt i denne saka er me prinsipielt ueinige i at ei bedrift (OKV Eiendom) skal kunna driva eigedomsutvikling av ei hytte inne på eit tun 30 meter frå driftsbygning i eit LNF område. Me er også prinsipielt ueinige i at Austrheim kommune kan fatta eit vedtak i strid med våre rettar som grunneigar av gnr. 128 bnr. 2.

I ei sak der kommunen kjenner vår haldning frå tidlegare kommentarar, reagerer me på at ein berre tek ei administrativ avgjerd og kjem hermed med ein **klage på vedtaket**.

Vedtaket medfører leidningsnett over bnr.2. Verken kommunen eller eigar av bnr. 27 har rett til å leggja rør over bnr.2. Kommunen har ikkje høve til å gjera eit vedtak som er i strid med privatrettslege rettigheter. Dette synes ikkje å vera behandla i vedtaket, noko som tyder på mangelfull sakshandsaming.

Det har vore fleire sakshandsamarar på denne saka, og avtalte tilbakemeldingar har ikkje vorte gjevne. Det er etter kvart fleire variantar av søknader som me ikkje har fått nabovarsel om. Siste variant er ei løysing med slamavskiljar og sandfiltergrøft. Me antek likevel at denne siste varianten er eit svar på ein søknad datert 07.11.2014 som baserer seg på avlaupsleidningar over bnr.2 via gardsvegen. Denne søknaden er tidlegare (24.02.2015) avslegen med bakgrunn i at det manglar tinglyste erklæringar på å leggje leidningar over nabogrunn.

I avtalen om grunnavståing for gardsvegen var formålet veg og ikkje at kommunen skal kunne nytte dette for privat leidningsnett over bnr.2. Dette er ikkje til å tvila på. Gardsvegen vart laga i samband med ny ferjeveg til Leirvåg, og hovedformålet var at det skulle kunna køyrast med tankbil fram til gardstunet. No vil administrasjonen bruka denne gardvegen til eit formål som ikkje er tenleg for gardsdrifta. Me ser på dette som eit brot på denne avtalen og godkjenner ikkje ei slik løysing. Dessutan er grensene uklare om kor langt vegen går, og grøfter/vegskråning er ikkje beskriven til 2 meter i avtalen. Me godkjenner ingen graving på bnr.2 for dette formålet.

Bnr.2 har også grøfter og vassleidning i same området.

Med ei slik godkjenning tek kommunen part i ei sak. Me har tidlegare gjeve klart uttrykk for vår meining vedr. hytteutvikling inne på eit gardstun i LNF-område. Med dette vedtaket synest det som om kommunen er med å tilretteleggja for ei slik utvikling. Ein prøver med dette å favorisere ei bedrift med eigedomsutvikling som formål, framfor å ta omsyn til gardsmiljøet på ein landsbrukseigedom. Med Austrheim kommune sine politiske mål med tanke på landbruk, kan ikkje landbrukssjefen ha vore med på ei slik avgjerd. Av tidlegare sakshandsamar har me vorte lova at landbrukssjefen skulle involverast.

Me meiner fortsatt at denne saka bør handsamast politisk. Feilplasserte hytter, noko denne hytta er, vert i andre kommunar ikkje godkjende for tilsvarande oppgradering.

Tilsynelatande har kommunen utelukkande fokusert på tilhøvet til forureiningsforskrifta i sitt vedtak. Behandlinga av saka har vore mangelfull då andre omsyn og vurderingar ikkje er vurderte. Dette utgjer klare saksbehandlingsfeil.

Med våre erfaringar med tidlegere klage der sakshandsamar også behandlar klagen, der tilsegner og lovander ikkje er etterfølgt, sender me kopi av denne klagen til medlemene i formannskapet.

Me viser elles til tidlegare merknader i saka.

På bakgrunn av dette klagar me på vedtaket og krev at administrativt vedtak vedr. løyve til utslepp frå minirensaneanlegg på gbnr. 128/27, sak nr. 163/15 av 14.12.2015 må opphevast.

Med helsing

Svanhild og Bjarne Neteland
Mongstadvegen 1290
5953 FONNES